

Styremøte BSI Padling tirsdag 27. november 2012

Tilstades:

Magne Ingvaldsen  
Anja Rydning  
Espen Raa Nilsen  
Eva Mykketvedt  
Gry Johannesen  
Edvin Fields  
Tone Bjåen (vara)

Ikkje tilstades:

Lillian Brekke  
Geir Inge Kirkeli (vara)

Stad: Hos Edvin

---

### **Sak 58.12 – Økonomi**

Gry delte ut tala t.o.m. 30.oktober med samanliknina med budsjettet for i år. Det er ikkje samsvar mellom kva som er på konto og kva som kjem fram av resultatet. Dette må gjennomgåast og avklarast. Har truleg med bokførte , ikkje innbetala fakturaer å gjera.

### **Sak 59.12 – Surfski**

Eitt medlem av klubben har sendt forslag til styret og innhenta tilbod på kjøp av surfski. Det vart diskutert i styret og det var ulike meiningar om dette. Det vart til slutt stemt over tre forslag:

1. Nei. Ikkje kjøp av surfski no.
2. Legge fram forslag til medlemmane på årsmøtet for avstemning om dette er ein aktivitet som skal innførast i klubben.
3. Ja. Kjøp av surfski forutsatt at me får oppklart punkt 1 (økonomien)

Alternativ 1 – 0 stemmer

Alternativ 2 – 6 stemmer

Alternativ 3 – 1 stemme

### **Sak 60.12 – Årsmøte 2013**

Årsmøte 2013 blir 29. januar. Stad er ikkje bestemt. Kvarteret som vi hadde i fjor kan vera eitt alternativ. Innkalling til årsmøtet må sendast tirsdag 1. januar. Sakspapira må sendast ut seinast tirsdag 15. januar.

Det må skrivast årsberetning. Magne sender ut fjorårets og kvar og ein skriv inn for sine områder.

Magne peika på at vedtektene til klubben ikkje er i henhold til idrettens lovnorm. Styret bør føreslå prøva å få vedtatt vedtekter ihht den på årsmøtet?

Styret stiller forslag til årsmøtet om at neste års styre får fullmakt til å peika ut klubbens representantar til neste års padleting.

Rabatt på kajakkleige føreslås fjerna neste år, pga at det gjer ein del ekstraarbeid for kasserar.

### **Sak 61.12 – Styre for 2013**

Heile styret er på valg. Ihht til tradisjon er varamedlemmane valgkomite, dvs. Geir Inge og Tone. Magne har gjeve beskjed om at han ikkje er aktuell for eitt år til.

Tone og Geir Inge sender ut epostar og ber intresserte til styret melde seg, ev om nokon har forslag til kandidatar. Dei legg fram ei instilling til nytt styre som vert sendt ut saman med sakspapira. Det er ein stor fordel om ein kan gå på årsmøtet med ein eller fleira kandidatar til leiarvervet.

### **Sak 62.12 – Julefest**

Det er 26 påmeldt då langt. Mat er kr 210 pr pers. Me bestiller noko ekstra mat, då me av erfaring alltid veit at nokre påmeldingar kjem i siste liten. Klubben dekar ev. mellomlegg. Har bedt om velkomstgløgg (ikkje med i prisen).

Program (utkast, ikke i rekkefølge):

Premiering fotokonkurranse

Quiz? Tone spør Hallvard ev. Ronny om å vera Quizmaster.

Julegåver til dei som har gjort ein innsats i året som har gått.

Ang. Julegåver melder alle inn på epost kven som har gjort ein innsats.

### **Sak 63.12 – Fokusområder 2013**

Kurs hav: Anja vil kutte Grk1 og Grk2 då dette er forvirrende for medlemmane som ikkej skjønar forskjellen på dette iog NPF grunnkurs. Grk 2 vil bli tilbydd neste år for dei som har Grk1 frå tidlegare. For nye medlemmar vil det bli NPF Grunnkurs (16 t).

Brottpadling. Kan det være en ide å arrangere rockhopperkurs (lavterskel rockhopping) for å få flere ut på havet. Det kan virke som om mange er redd for å bli med ut då dei trur ein må padle på høgt nivå.

Ressursgruppe elv. Frikoble meir i frå styret. Finne ein person utanom styret som kan vera kontaktperson for gruppa.

Resurrsgruppe hav. Finne/utpeike ein person som kan få dette opp på beina.

### **Sak 64.12 – Sponsing ved deltakelse på konkurranser på elv**

Forslag frå Geir Inge. Sidan han ikkje var på møtet og ingen andre kjende tilstrekkeleg til forslaget er dette utsett til neste møte/år.

### **Sak 65.12 – Fotokonkurranse**

Enighet om at fotokonkurransen var eit bra tiltak som ein bør vidareføra neste år. Det vart beslutta at følgande kategoriar skal premierast. Styremedlemmane melder inn til Edvin innan torsdag 29.11 kva for bilete ein meiner er best.

Kategoriane er:

- Beste bilete hav
- Beste bilete elv
- Beste actionbilete
- Mest kreative bilete
- Beste stemningsbilete

samt

- Beste video (Det har kome inn bidra frå persoar som ikkje er medlem. Dei er ikkje med i vurderinga).